



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Svar på oppmoding om å trekke motsegn - område FT3 Hundeidvik - kommuneplan - Sykkylven 51/38 - arealdel 2023-2029

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til brev av 4.september der de oppmodar oss til å trekke motsegna vi fremma til område FT3 (fritids- og turistformål) i Hundeidvik i kommuneplanens arealdel. Motsegna vart fremma på grunn av strandsoneinteresser.

I møte 15.november 2023 tok Nærings- og utviklingsutvalet stilling til motsegna som går på konkrete areal. Motsegn med planteknisk karakter vart ikkje tatt opp her. Utvalet fatta vedtak om å behalde område FT3 Hundeidvik med føremål fritids- og turistformål med uforandra avgrensing.

Vi viser til at vi til første gongs høyring av arealdelen også har motsegn til avsett byggegrense mot sjø, samt areal avsett til spreidd naustbygging i Hundeidvik. Vi skreiv at det må avklarast kor mange naust ein kan bygge innafor areala for spreidd naustbygging, og oppfordra også til at nokre av desse areala vart tilbakeført til LNF. Dette fordi det er stort utbyggingspress i strandsona i Hundeidvik.

Vi vurderer at det ikkje er rett å gjere ei ny vurdering av vår motsegn til FT3 før vi ser heilskapleg på forvaltninga av strandsona generelt, og spesielt i Hundeidvika. Vi avventer difor å vurdere om vi kan trekke motsegna inntil vi har eit nytt planforslag på høyring.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.